

FORVALTNINGSPLAN FOR GAMLE LÆRDALSØYRI

DEL I

Lærdal kommune 2005



FORVALTNINGSPLAN FOR GAMLE LÆRDALSØYRI DEL I

Vedteken i Lærdal kommunestyre den 27.10.05

DEL I - ADMINISTRASJON

INNHALD :

1. EI FRAMTIDSRETTA FORVALTNING	s. 2
1.1 Unikt kulturmiljø	s. 2
1.2 Regulering eller fredning	s. 2
1.3 Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri	
2. REGELVERK OG BYGGESAKSHANDSAMING	s. 3
2.1 Lov og føresegner	s. 3
2.2 Generelt for sakshandsaminga	s. 3
2.3 Fagmyndigheit	s. 3
2.4 Klage på vedtak	s. 3
2.5 Inndeling av byggesakene (kalla "tiltak")	s. 4
2.6 Sakshandsaming for enkelttiltak	s. 5
2.7 Byggesøknaden sitt innhald	s. 8
2.8 Ferdigsynfaring og kontroll	s.10
3. FAGRÅDET FOR GAMLE LÆRDALSØYRI	s.11
4. TILSKOTSORDNINGAR – RETNINGSLINER	s.13

1. EI FRAMTIDSRETTA FORVALTNING

1.1 Unikt kulturmiljø

Strandstaden Gamle Lærdalsøyri er eit unikt kulturmiljø med høg verdi både i lokal, regional og nasjonal samanheng. Dette er det mange grunnar til. For det første finn vi ein stor grad av *autentisitet*, - det vil seie at bygningane har bevart mykje av sin opphavlege utsjånad og sine opphavlege bygningsmaterialer. For det andre finn vi stor *variasjon* når det gjeld bygningstypar og kva funksjonar dei har hatt. For det tredje har strandstaden bevart sin tilknytning til *sjøen*, samstundes som mykje av den opphavlege *gatestrukturen* framleis er i bruk.

1.2 Regulering eller freding?

Gamle Lærdalsøyri vart i 1970 regulert til spesialområde for bevaring med heimel i *Plan- og bygningslova* (jf § 25-6). Spesialområde for bevaring er eit reguleringsføremål som vert nytta når kulturmiljø med *lokal* eller *regional* verneverdi skal sikrast. Reguleringsføremålet vil, når ikkje anna er presisert i reguleringsplanen, bety at det er forbode å endre bygningen sitt eksterior utan godkjenning frå rette fagmyndigheit. I dette tilfellet er Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturavdelinga rette fagmyndigheit, og Lærdal kommune må difor hente uttale frå dei i alle byggesaker i verneområdet.

Kulturmiljø med *nasjonal verdi*, som mange hevdar Gamle Lærdalsøyri har, kan fredast med heimel i *Lov om kulturminne*. Riksantikvaren forvaltar dette lovverket og med ei freding vil forvaltninga difor bli løfta vekk frå lokalsamfunnet. Reguleringsplanen frå 1970 har til no sikra området sine verneverdiar og dette kan vere ei medverkande årsak til at freding ikkje har vore eit aktuelt tema. I arbeidet med å revidere retningslinene for byggesakshandsaminga, har det difor vore viktig å halde fast på styrken i forvaltingsarbeidet til no: høg bygningsantikvarisk kompetanse i kombinasjon med ei sterk lokal forankring.

1.3 Fagrådet for gamle Lærdalsøyri

Som eit ledd i ei ny forvaltning vert det oppretta eit Fagråd for Gamle Lærdalsøyri som skal erstatte Arbeidsutvalet for det gamle bygningsmiljøet på Lærdalsøyri. Fagrådet skal vere eit uavhengig, rådgjevande organ som skal kome med faglege råd og innspel i samband med byggesaker i verneområdet. I tillegg får fagrådet ei rekke oppgåver knytta til vernet av området. Fagrådet skal ha fire medlemmer som alle er oppnemnde for fire år om gongen. To medlemmer skal representere huseigarane og brukarane av området, og to skal sikre bygningsantikvarisk kompetanse. Fagrådet skal administrativt vere underlagt Lærdal kulturkontor, med unntak av i byggesakene der teknisk forvaltning er rett samarbeidsorgan.

2. REGELVERK OG BYGGESAKSHANDSAMING

2.1 Lov og føresegner

- a. Planarbeid og byggesakshandsaming på Gamle Lærdalsøyri føl i utgangspunktet Plan- og bygningslova (pbl) og dei vanleg vedtekne reglane for slik byggesakshandsaming i Lærdal kommune. Det er likevel utarbeidd utfyllande føresegner for byggesakshandsaming på Gamle Lærdalsøyri for å sikre kulturmiljøet sine verneverdiar og lokal medverknad i dei vedtak som vert gjort innafor verneområdet. Desse føresegnene erstattar § 15 i reguleringsføresegnene for Lærdalsøyri sentrum.
- b. Ein ny reguleringsplan for Gamle Lærdalsøyri bør vere ein detaljplan med føresegner på kva tiltak som kan utførast i verneområdet og korleis desse skal utførast. Reguleringsplanen er difor den viktigaste arbeidsreiskapen i eit framtidsretta vern av gamle Lærdaløyri. Vern- og vedlikehaldsplanen er eit vedlegg til reguleringsplanen.
- c. For freda bygg gjeld i tillegg Lov om kulturminne.

2.2 Generelt for sakshandsaminga

- a. Kommunestyret:
 - Vedtek reguleringsplanar med føresegner og vedtekter etter plan- og bygningslova.
- b. Formannskapet/fast planutval:
 - Vedtek mindre vesentlege endringar av reguleringsplanen.
 - Har avgjerdsrett i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova og frå reguleringsplanar.
 - Har avgjerdsrett i byggesaker av prinsipiell betydning, såkalla "ikkje kurante saker".
- c. Teknisk forvaltning:
 - Har avgjerdsrett i byggesaker som ikkje skal avgjerast politisk.

2.3 Fagmyndigheit

Sogn- og Fjordane fylkeskommune er naturleg samarbeidsorgan og den øvste faglege instansen (jf. pbl § 10-1) for byggesaker i verneområda og skal ha kopi av alle søknader i reguleringsområdet.

Dispensasjonssaker skal alltid sendast fylkeskommunen for uttale (jf. pbl §7, 3 lekk). Fylkeskommunen skal ha kopi av alle vedtak Lærdal kommune gjer i verneområda.

2.4 Klage på vedtak

Kommunen sine vedtak i byggesakene kan påklagast (jf. pbl § 15).

Fylkeskommunen og statlege organ var klagerett.

2.5. Inndeling av byggesakene (kalla "tiltak")

Dei ulike byggesakene er delt inn i grupper ut frå kor omfattande dei er.

A. Rehabilitering

(vil krevja søknad om "tiltak", sjå punkt 2.6.b1.)

Rehabilitering tek sikte på å bevare ein bygning ved å gje den ein bruksmessig heving av standarden og større funksjonsdyktigheit. Dette kan også innebere nybygg. Riving vert handsama på samme måte som rehabilitering.

B. Istandsetjing

(vil kreve søknad om "enkle tiltak", sjå punkt 2.6.b2.)

Istandsetjing omfattar eksisterande bygningsdeler som treng restaurering og heving av teknisk standard. Det kan også innebere utskifting av bygningsdelene.

C. Vedlikehald

(vil krevje søknad om "enkle tiltak", sjå punkt 2.6.b2.)

Vedlikehald i verneområda må ta sikte på å oppretthalde ein god bygningsmessig standard, enten den er opphavleg, er oppnådd ved rehabilitering eller istandsetjing. For vedlikehald i områda gjeld eigne retningsliner og rutiner for taktekking, renner, nedløp, skorstein, pipe, dører og vindu, måling, kledning, listverk, omrammingar og dekorative detaljar. Retningslinene er samla i eige vedlegg.

2.6 Sakshandsaming for enkelttiltak

a. Førehandssamtale (jf. pbl §93a. førehandskonferanse):

Ein førehandssamtale skal haldast for alle byggesaker (tiltak) i området. Føremålet er ei gjensidig informasjonsutveksling mellom huseigar (tiltakshavar) og kommunen.

Tiltakshavar skal få informasjon om følgjande:

- Reguleringsplanen for Gamle Lærdalsøyri.
- Forvaltningsplanen for Gamle Lærdalsøyri.
- Plassering av tiltak i tiltaksgruppe.
- Krav til byggesøknaden, type skjema og innhald.
- Krav til arkitekten og den utførande.
- Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri.
- Tilskotsordningar for området.
- Ferdigsynfaring og krav om dokumentasjon.

Lærdal kommune v/ teknisk forvaltning inviterer til samtalen. Førehandssamtalen skal avviklast innan to veker etter at tiltakshavar har teke kontakt med kommunen.

På førehandssamtalen skal følgjande delta:

- Tiltakshavar
- Lærdal kommune v/teknisk forvaltning

I tillegg kan følgjande delta:

- Fagrådet v/ ein eller fleire representantar
- Lærdal kommune v/ kulturkontoret
- Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kulturavdelinga
- Arkitekt
- Handverkar

Dersom tiltaket gjeld tiltaksgruppene A. Rehabilitering (søknad om "tiltak") eller B. Istandsetjing (søknad om "enkle tiltak"), vert huseigar vanlegvis vist vidare til fagrådet v/arkitekten. Dersom tiltaket gjeld tiltaksgruppe C. Vedlikehald (søknad om "enkle tiltak"), vert huseigar vist vidare til fagrådet v/handverkaren.

Dersom tiltakshavar ønskjer det, kan førhandssamtale og fagleg rådgjeving samkøyrast. Lærdal kommune skal skrive referat av førehandssamtalen basert på eit standardskjema for området som skal lagast av kommunen.

b1. Søknad om "tiltak"
(Jf. punkt 2.5 A. Rehabilitering)

Alle byggesaker innafor reguleringsområdet som gjeld tiltaksgruppe
A. Rehabilitering skal handsamast som "tiltak" i følge pbl § 93.

Søknader i samsvar med reguleringsplanen og Plan- og bygningslova skal handsamast av Lærdal kommune v/teknisk forvaltning. Søknader der det vert søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen eller Plan- og bygningslova, skal, som før nemnt, handsamast av formannskapet/fast utval for plansaker. Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri, kommunen si kulturavdeling og Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kulturavdelinga skal ha kopi av søknaden for å gje råd og/eller uttale. Kommunen har ein sakshandsamingsfrist på 12 veker frå ein har motteke alle nødvendige dokument i saka.

Slik går søkjaren fram:

1. Tek kontakt med Lærdal kommune v/teknisk forvaltning og ber om førehandssamtale.
2. Førehandssamtalen vert gjennomført som opplista under punkt 2.6.a førehandssamtale. Det vil bli laga eit referat på eit standardskjema som mellom anna inneheld ei liste over kva søknaden skal innehalde. Kommunen vil så vise vidare til fagrådet v/ arkitekten for fagleg rådgjeving.
3. Samtale med fagrådet. Fagrådet kan gje rettleiing om korleis tiltaket skal utførast. Skal det søkjast om tilskot, kan ein og få hjelp til dette.
4. Søknaden vert send til kommunen. Innan 12 veker skal det føreliggje svar.

Førehandssamtalen og samtale med fagrådet kan gjerne slåast saman for å spare tid. Om ein ønskjer det, kan også huseigarane sine representantar i fagrådet og td arkitekt eller ansvarleg handverkar delta. Er arkitekt som er kvalifisert til å ta oppdrag i området engasjert, kan dei 10 timane kommunen dekker nyttast på han. (Sjå kap. 4 Regelverk for tildeling av tilskot.)

b2. Søknad om ”enkle tiltak”
(jf punkt 2.5 B. Istandsetjing og C. Vedlikehald)

Alle byggesaker innafor reguleringsområdet som gjeld tiltaksgruppene B. Istandsetjing og C. Vedlikehald skal handsamast som ”**enkle tiltak**” jf pbl § 95 b. Søknadene skal handsamast av Lærdal kommune v/teknisk forvaltning, fagrådet for Gamle Lærdalsøyri og Lærdal kommune, kulturkontoret. Kommunen har ein sakshandsamingsfrist på 4 veker frå ein har motteke alle nødvendige dokument i saka.

Føresetnader for slik handsaming er:

- Tiltaket må vere innafor Plan- og bygningslova.
- Tiltaket skal utførast i samsvar med reguleringsplanen for Gamle Lærdalsøyri.
- Tiltaket skal utførast i samsvar med forvaltningsplanen for Gamle Lærdalsøyri
- Førehandssamtale er halde.
- Fagrådet har gjeve råd.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturavdelinga har delegert mynde til kommunen.

Det er kommunen som avgjer sakstype og det kan ikkje påklagast.

Slik går søkjaren fram:

1. Tek kontakt med Lærdal kommune v/teknisk forvaltning. Ber om førehandssamtale.
2. Førehandssamtalen vert gjennomført som opplista under 2.6.a Førehandssamtale. Det vil bli laga eit referat på eit standard skjema som mellom anna inneheld ei liste over kva søknaden skal innehalde. Kommunen vil så vise søkjaren til fagrådet v/ handverkaren for fagleg rådgjeving. Av bygningsantikvariske årsaker kan kommunen velje å vise vidare til arkitekten.
3. Samtale med fagrådet. Fagrådet kan gje fagleg rådgjeving om korleis tiltaket skal utførast. Fagrådet vil også kunne hjelpe til med utfylling av byggesøknadsskjema. (Kommunen sitt forenkla skjema.) Det vert og gitt hjelp til eventuell søknad om tilskot.
4. Søknaden skal så sendast til kommunen. Innan 4 veker skal føreliggje svar.

Førehandssamtalen og samtale med fagrådet kan gjerne slåast saman for å spare tid. Huseigarane sine representantar i fagrådet kan og delta om søkjaren ønskjer det.

2.7 Byggesøknaden sitt innhald

Førehandssamtalen vil avklare kva materiale som skal leverest inn. Lærdal kommune kan om nødvendig be om utfyllande opplysningar.

a. Søknadsskjema

- Ved søknad om ”tiltak” (tiltaksgruppe A. Rehabilitering) skal det søkjast på vanleg søknadsskjema for slike saker.
- Ved søknad om ”enkle tiltak” (tiltaksgruppene B. Istandsetjing og C. Vedlikehald) kan eige forenkla søknadsskjema for området nyttast.

Begge skjema kan ein få av kommunen v/teknisk forvaltning.

b. Referat frå førehandssamtalen

Referat frå førehandssamtalen på kommunen sitt standardskjema for området skal alltid ligge ved byggesøknaden.

c. Dokumentasjon av bygningen

Dokumentasjon av bygningen slik han ser ut (eksisterande situasjon) etter fagleg antikvarisk metode kan krevjast. Dette er vanlegvis oppmålingsteikningar av plan, snitt og fasader - nokre gonger også detaljar. I tillegg kan ein skriftleg beskrivelse vere nødvendig. Foto kan vere eit nyttig supplement. Kommunen dekker på visse vilkår utgifter til dokumentasjon.

d. Teikningar

Ved søknader som gjeld tiltaksgruppe A. Rehabilitering, vil det bli stilt krav om målsette teikningar som syner utforming av tiltaket. Vanlegvis er dette situasjonsplan og plan-, snitt- og fasadeteikningar, eventuelt også detaljteikningar. Ved søknader som gjeld tiltaksgruppene B. Istandsetjing og C. Vedlikehald, er foto og ein god skriftleg beskrivelse vanlegvis tilstrekkeleg. Ved nokre tilfelle vil det etter fagrådet si vurdering vere nødvendig å be om ein meir detaljert beskrivelse.

e. Estetisk/antikvarisk utforming

Alle tiltak må utførast i samsvar med retningslinene for områda. Søknaden må dokumentere korleis tiltaket følgjer desse retningslinene.

f. Kontrollplanar (jf. pbl §97)

Kontrollplan for prosjektering og utføring skal liggje ved søknaden. Kontrollplanen skal vere tilpassa verneområda.

g. Dispensasjonar

Lærdal kommune v/ formannskapet/fast planutval kan gje dispensasjon frå reguleringsplanen og Plan- og bygningslova ved særlege tilhøve. Søkjaren må då vise til kva bestemmelse det vert søkt om dispensasjon frå og argumentere for kvifor kommunen bør gje slik dispensasjon. Uttale skal alltid vere henta frå fylkeskommunen si kulturavdeling og Fagrådet for gamle Lærdalsøyri.

h. Krav til arkitekt (gjeld søknad om ”tiltak”)

I saker som gjeld tiltak i tiltaksgruppe A, Rehabilitering, vil kommunen krevje bruk av arkitekt. Kommunen kan av faglege årsaker krevje dette også for tiltaksgruppene B, Istandsetjing, og C, Vedlikehald. Fagrådet kan dekke innntil 10 timar arkitekt hjelp. Arkitekten vil bli godkjent av kommunen i kvar enkelt sak (jf pbl §93 b-3). Arkitekten må ha utdanning på høgskulenivå. Det vil bli stilt særlege krav til kompetanse på kulturminne og kulturmiljø.

i. Krav til handverkaren (gjeld søknad om ”enkle tiltak”)

Handverkaren vil bli godkjent av kommunen i kvar enkelt sak (jf pbl §93 b-3). Det vil bli stilt krav til handverkaren sin bygningsantikvariske kompetanse. Dersom handverkaren ikkje har slik kompetanse, kan han likevel gjevast oppdraget dersom arbeidet vert utført under tett oppfølging av fagrådet sin arkitekt eller handverkar. Dette vil også krevje ein detaljert beskrivelse av arbeida.

2.8 Ferdigsynfaring og kontroll

Når arbeida er utført, skal det alltid gjennomførast ei ferdigsynfaring.

Ferdigsynfaringa skal ha følgjande deltakarar:

- Tiltakshavar
- Lærdal kommune v/teknisk forvaltning
- Fagrådet v/tømraren eller arkitekten

Dersom tiltaket omfattar kommunale eigedomar, skal Lærdal kommune v/kulturkontoret delta. Det skal sendast referat frå ferdigsynfaringa på kommunen sitt standardskjema til Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri.

3. FAGRÅDET FOR GAMLE LÆRDALSØYRI

Fagrådet sitt arbeid skal tuftast på høg bygningsantikvarisk kompetanse og god lokal forankring. "Plan for vern, vedlikehold og forvaltning" (del II) skal vere retningsgjevane for fagrådet sitt arbeid.

3.1 Medlemer

Fagrådet skal ha følgjande medlemer:

- to medlemer frå verneområda (eitt frå kvart delområde)
- ein arkitekt
- ein handverkar

Medlemene frå verneområda er oppnemnd av organisasjonen for huseigarane og brukarane. Medlemene frå verneområda skal sikre god lokalkunnskap og vere bindeledd mellom rådet og huseigarar og brukarar.

Handverkaren og arkitekten er oppnemnd av Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kulturavdelinga. Arkitekten og handverkaren skal ha spesialkompetanse på område som oppmåling, dokumentasjon, rehabilitering, istandsetjing og vedlikehald etter bygningsantikvariske prinsipp. Avdi ei god lokal forankring er ei viktig målsetjing for fagrådet sitt arbeide, bør arkitekten og handverkaren hentast frå regionen.

Medlemene vert oppnemnd for 4 år. Det vert oppnemnd to medlemer anna kvart år . Arkitekten og handverkaren vert ikkje oppnemnd samtidig.

3.2 Arbeidsform

Fagrådet skal ha minst 2 møte i året der alle medlemene vert kalla inn. I tillegg vil dei enkelte medlemene arbeide med sine saker etter behov. Fagrådet er administrativt lagt under kommunen sitt kulturkontor. Kulturkontoret vil fungere som sekretær for fagrådet, med unntak av i byggesaker.

3.3 Planar og vedtekter

Fagrådet skal vere ein fagleg instans ved utarbeiding av reguleringsplanar og føresegner. Sjå del II "Vern og vedlikehold, planer og vedtekter".

3.4 Byggesaker

Lærdal kommune har det administrative ansvaret i byggesakene. Fagrådet skal kome med faglege innspel, og Fagrådet sin arkitekt skal vere rådgjevar i saker knytta til tiltaksgruppene A. Rehabilitering og B. Istandsetjing. Handverkaren skal vere rådgjevar i saker knytta til tiltaksgruppe C. Vedlikehald. Sjå kap. 2.

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune v/teknisk forvaltning ta initiativ til at nødvendige retningsliner for vedlikehald vert laga.

3.5 Brannsikring

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune ta initiativ til at det vert oppretta ei arbeidsgruppa som skal arbeide med gjennomføring av brannsikringstiltak i verneområda. Sjå del II "Vern og vedlikehold", brannsikring.

3.6 Dokumentasjon og oppmåling

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune syte for at arbeidet med oppmåling og dokumentasjon vert ført vidare. Sjå del II "Vern og vedlikehold, dokumentasjon".

3.7 Arkiv

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune v/ teknisk forvaltning og kulturkontoret syte for retningsliner for arkivet. Lærdal kommune v/teknisk

forvaltning og kulturkontoret har ansvar for den daglege drifta av arkivet. . Sjå del II "Vern og vedlikehold, arkiv".

3.8 Utemiljø

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune v/ kulturkontoret ta initiativ til at det vert laga ein områdeplan. Sjå del II "Vern og vedlikehold", utemiljø.

3.9 Formidling/informasjon

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune v/kulturkontoret syte for intern og ekstern formidling av informasjon om området. Sjå del II "Vern og vedlikehold, formidling".

3.10 Tilskot og lån

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune v/ kulturkontoret administrere tilskotsordningane for området. Dette gjeld tilskot til felles tiltak i området, men kan og gjelde enkeltbygningar. Fagrådet skal utarbeide ein oversikt over moglege tilskot- og låneordningar. Sjå egne retningsliner for tildeling av tilskot, kap. 4.

3.11 Evaluering av området

Fagrådet skal gjennomføre ei årleg evaluering av området i samarbeid med Lærdal kommune v/ kulturkontoret og teknisk forvaltning. Ein skal då fyrst og fremst vurdere om området vert forvalta i samsvar med forvaltningsplanen og om det er nødvendig med tiltak. Det skal utarbeidast ein rapport som også skal innehalde framlegg til eventuelle vidare tiltak i området. Rapporten skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kulturavdelinga og Riksantikvaren. Fagrådet skal medverke til av det vert gjennomført ei uavhengig evaluering, gjerne av ICOMOS (International Councils on Monuments and Sites) kvart 8. år.

3.12 Årsplan og budsjett

Fagrådet skal i samarbeid med Lærdal kommune v/ kulturkontoret utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for eiga drift. Lærdal kommune si økonomiavdeling vil utføre dei forretningsmessige oppgåvene for fagrådet og føre rekneskap for fagrådet sitt arbeid.

4. TILSKOTORDNINGAR

Målet er at det ikkje skal koste meir å eige eit bygg innafør verneområdet enn for andre tilsvarande bygg utan vernestatus. Sjå del II ”Vern og vedlikehold, bygningsarbeider”.

4.1 Krav til søknaden

Eige søknadsskjema for Gamle Lærdalsøyri skal nyttast. Søknaden må leverast komplett med nødvendige vedlegg for å kunne bli vurdert. Fagrådet eller Lærdal kommune sitt kulturkontor kan hjelpe til med utfylling av søknaden. Søknaden skal leverast kulturkontoret.

4.2 Kven kan søkje

Huseigar eller dei som kan syne til tilfredsstillande leigeavtale kan søkje om tilskot til rehabilitering, vedlikehald og istandsetjing når spesielle vilkår er sett til utføringa.

4.3 Vurdering av søknader

Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri skal i samarbeid med Lærdal kommune v/ kulturkontoret vurdere dei innkomne søknadene og utforme ei innstilling for kommunen. Alle søkjarar vil bli tilskrivne av Lærdal kommune så snart fordeling av midlar er gjort.

4.4 Søknadsfristar

Lærdal kommune v/ kulturkontoret vil kunne opplyse om søknadsfristar. Det kan søkjast både før og etter at tiltaka er utført.

4.5 Utbetaling

Vanlegvis vil tilskotet bli utbetalt når arbeida er utført, kostnadene dokumentert og byggerekneskap gjort opp.